

# Protokoll - Årsmøte 18.06.2024

---

Dato: 18.06.2024 19:00

Sted: Hjelmeland Samfunnshus

Frammøtte: Mette K. B. Ingvaldstad, Nils Viga, Rita Sørensen-Mjølhus, Edel Gausland, Morten Hetland, Ole Henrik Olsen, Jostein Opsahl og Gausland Transport AS v/Edel Tjentland Gausland.

---

Sak 24/2/1

## Godkjenning av kven som har stemmerett

Ifølgje samvirkeleva § 38, 1. ledd har kvar medlem éi røyst på årsmøtet. Eit medlem kan dessutan røyste som fullmektig for eit anna medlem. Personar som har éin medlemskap saman, kan berre gje ei røyst.

### Vedtak

Møtande medlemmer, samt eventuelle personar som møter som fullmektig for eit anna medlem, har røysterett. Protokollen skal lista opp dei medlemmene som deltar, anten sjølv eller ved fullmektig.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 24/2/2

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Alle medlemmer med kjend telefonnummer har fått skriftleg innkalling som opplyser om tid og stad for møtet. I tillegg har me publisert ei påminning om årsmøtet på Facebook-sida til Hjelmeland Samfunnshus SA.

### Vedtak

Årsmøtet godkjenner innkallinga, men justerer saklista slik at val av styre kjem sist, og handlingsplan for komande arbeidsår kjem nest sist.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 24/2/3

## Val av møteleiar, referent og to medlemmer til å godkjenna protokollen

Ifølgje § 7 i vedtektene skal årsmøtet velja møteleiar, referent og to medlemmer til å underskriva protokollen.

### Vedtak

- Ole Henrik Olsen blir valt som møteleiar.
- Morten Hetland blir valt som referent.
- Mette K. B. Ingvaldstad og Jostein Opsahl blir valde til å godkjenna protokollen.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 24/2/4

## Godkjenning av årsmeldinga for 2023

Årsmeldinga for 2023 ligg tilgjengeleg på nettstaden til Hjelmeland Samfunnshus SA – [hjelmeland-samfunnshus.no/arsmelding](https://hjelmeland-samfunnshus.no/arsmelding).

Styret meiner at årsmeldinga, saman med årsrekneskapen, gjev eit korrekt bilete av Hjelmeland Samfunnshus SA sin aktivitet, eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

På bakgrunn av stadig større slitasje på dei frivillige, eit stadig større etterslep på vedlikehald og oppgraderingar, samt nedgang i leigeinntekter og billettinntekter på arrangementa våre, er styret usikre på om det er grunnlag for vidare drift. Førrebels oppsummering er at den beste løysinga hadde vore om Hjelmeland kommune overtek driftsansvaret for bygningen, slik at dei frivillige kan bruka tida si på å organisera aktivitetane på Samfunnshuset.

Viss føretaket likevel skal drivast vidare, etter same eller tilsvarende modell som i dag, må ein vera førebudd på å utbetala lønn til dei frivillige som hjelper til med å driva Samfunnshuset. I tillegg er avgjerande å halda inntektene på eit stabilt høgt nivå, ved å skapa og leggja til rette for meir aktivitet på Hjelmeland Samfunnshus, samt å søkja om tilskot til drift og vedlikehald, samtidig som ein held kostnadene nede på eit nøkternt nivå.

Styret understrekar vidare at det vil vera nødvendig med omfattande oppgraderingar i åra som kjem, for at bygget skal oppfylla dagens og framtidas krav til standard. Takka vera seks samanhengande år med underskot, er det ikkje nok oppspart eigenkapital til å finansiera desse oppgraderingane.

### Vedtak

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2023, og stiller seg bak styret si oppsummering.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 24/2/5

## Godkjenning av årsrekneskapen for 2023

Årsrekneskapen for 2023 ligg tilgjengeleg på nettstaden til Hjelmeland Samfunnshus SA – [hjelmeland-samfunnshus.no/rekneskap](https://hjelmeland-samfunnshus.no/rekneskap).

- Årsrekneskapen for 2023 er gjort opp med eit underskot på kr 39.509,13.
- Inntektene har auka med 52 prosent og kostnadene har auka med 14 prosent, samanlikna med 2022.
- Årsrekneskapen for 2022 blei gjort opp med eit underskot på kr 193.304,41, noko som betyr at resultatet for 2023 er forbetra med kr 153.795,28 (80 prosent).
- Ved utgangen av 2023 var summen av eigenkapital og gjeld kr 639.888,66.
- Per 18.06.2024 eig Hjelmeland Samfunnshus SA sjølv kr 205.100,00 av andelskapitalen på kr 385.600,00, noko som tilsvarer ein eigarandel på ca. 53,2 prosent.
- Sjå elles vedlagt resultat- og balanserekneskap for meir detaljar.

### Vedtak

Årsmøtet godkjenner årsrekneskapen for 2023, inkl. disponering av underskot ved overføring mot føretaket sin eigenkapital.

Vedtaket var samrøystes.

## Framtida til Samfunnshuset inkl. forslag om oppløysing av føretaket

I eit brev til Hjelmeland kommune, datert 26.09.2023, føreslo styret i Hjelmeland Samfunnshus SA at Hjelmeland kommune tek over Hjelmeland Samfunnshus, slik at bygget kan drivast i samspel med Spinneriet, under éin felles kulturparaply: Hjelmeland Kulturhus.

Bakgrunnen for forslaget var

- Dei fleste som var aktive då Samfunnshuset blei bygd, er i dag er heilt fråverande i drifta av føretaket.
- Det blir stadig færre betalande gjester på arrangementa våre, og fleire arrangement har blitt avlyst grunna for dårleg billettsal.
- I løpet av dei siste åra, og særleg etter 2020, har det blitt ekstremt vanskeleg å få tak i frivillige medhjelparar til å bidra i drifta av bygget og gjennomføring av arrangement.
- Føretaket har slite økonomisk i mange år, og er heilt avhengig av eksterne tilskot for å kunna betala rekningane.
- Det er fleire år sidan driftsinntektene var nok til å dekkja både kostnader og avskrivningar, noko som har gitt oss solide driftsunderskot dei siste fem åra. Underskota har blitt dekt av oppspart eigenkapital, som ikkje er berekraftig i lengda.
- Sjølv om styret og driftsleiar har greidd å kutta i faste kostnader, og auka driftsinntektene, har driftsresultata dei siste fem åra blitt sterkt påverka av stadig høgare kostnader til drift av lokala, samt reduksjon i leigeinntekter og billettsal til egne arrangement.

Styret i Hjelmeland Samfunnshus SA har gjennomført grundige analysar av den nåverande drifta av Samfunnshuset, samt moglege scenario (sjå vedlagt SWOT-analyse).

Konklusjon: Den mest berekraftige og framtidretta løysinga, er at Hjelmeland kommune overtek drifta av og eigarskapet til Samfunnshuset.

Den føreslegne løysinga vil frigje tida som mange frivillige i dag må bruka på å drifta storstova i kommunen på dugnad, slik at dei heller kan bruka tida si på å leggja til rette for sosiale møteplassar og kulturarrangement på Samfunnshuset og Spinneriet.

Styreleiar og driftsleiar har vore i fleire oppfølgingsmøte med administrasjonen i Hjelmeland kommune, men førebels har ikkje Hjelmeland kommune svart på tilbodet om å overta bygningen. Saka har heller ikkje vore oppe til politisk behandling. Hjelmeland kommune har likevel betalt for ein tilstandsanalyse som skal vera med i grunnlaget til politisk behandling seinare i år.

### Vedtak

- Årsmøtet vedtek å løysa opp samvirkeføretaket, jf. samvirkelova § 127.
- Vedtaket om å løysa opp føretaket blir straks meldt til Foretaksregisteret, jf. samvirkelova § 129.
- Alle kreditorar med kjend adresse skal så vidt mogleg varslast særskilt av føretaket, jf. samvirkelova § 130, 2. ledd.
- Verksemda til føretaket kan halda fram så langt det er ynskjeleg for ei tenleg gjennomføring av avviklinga, jf. samvirkelova § 131, 2. ledd.
- Avviklingsstyret skal finna den best tenlege løysinga som kan sikra vidare drift og/eller aktivitet i Samfunnshuset, primært ved å overdra bygningen til Hjelmeland kommune.
- Elles gjeld føresegnene i samvirkelova kapittel 10, samt § 8 i føretaket sine vedtekter.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 24/2/7

## Handlingsplan for komande arbeidsår

Årsmøtet skal gje innspel og forslag til aktivitetar i handlingsplanen for komande arbeidsår.

### Vedtak

Avviklingsstyret tar med seg følgjande innspel til handlingsplan:

- Arbeidsåret blir avgrensa til at Hjelmeland Samfunnshus SA blir drive til og med 31.12.2024.
- Avviklingsstyret skal bruka sommaren og hausten på å finna den best tenlege løysinga som kan sikra vidare drift og/eller aktivitet i Samfunnshuset, primært ved å overdra bygningen til Hjelmeland kommune.
- Driftsleiar og styreleiar syt for at det blir sendt søknad om fast skjenkeløyve.
- Det blir planlagt vidare drift av Ungdomsklubben, Bygdekinoen og Spødakaféen til og med 31.12.2024, med eitt arrangement per aktivitet per måned.
- Dei løpande leigeavtalane med Hjelmeland Teater og Hjelmeland E-sport blir vidareført til og med 31.12.2024.
- Konsert med elle melle 05.10.2024.
- Ein skal prioritera å følgja opp utleige til kulturarrangement i regi av Hjelmeland kommune, Kulturhaust i Ryfylke og Den kulturelle skulesekken, samt haustfesten til Hjelmen 4H.
- Førespurnader om utleige til andre arrangement blir elles fortløpande vurdert ut frå kapasitet.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 24/2/8

## Val av avviklingsstyre

Dagens styremedlemmer har sagt seg villige til å utgjera avviklingsstyret.

Valet av avviklingsstyre gjeld på ubestemt tid, med ein oppseiingsfrist for medlemmene på tre månader.

### Vedtak

Ole Henrik Olsen (leiar), Kolbjørn Pedersen, Mette K. B. Ingvaldstad, Jostein Opsahl og Edel Gausland blir valt som avviklingsstyre på ubestemt tid.

Vedtaket var samrøystes.

Dette dokumentet er signert av:

**Jostein Opsahl**

15.04.1980

Signert: 18.06.2024 20:55

Signert med BankID

**Mette Katrine Bjørk Ingvaldstad**

14.10.1967

Signert: 18.06.2024 20:53

Signert med BankID

**Morten Hetland**

23.11.1989

Signert: 18.06.2024 20:55

Signert med BankID

Du kan bruke denne linken for å verifisere signaturen på dokumentet og sjekke at dokumentet ikke er endret etter at det ble signert: <https://brd.no/signing/validate>

